

TEMAKVELD FOR FØRESETTE:

«KORLEIS HJELPE ENGSTELEGE BARN»

24.mai kl 18-20.30



Etter storforeldremøtet 28/4 har det komme fram ønske om temakveldar innan psykisk helse. Me tenker å bruke denne første temakvelden til å fordjupe oss meir i korleis ein som føresette kan hjelpe engstelege barn:-) Det blir ekstra fokus på korleis trygge barna i overgangen frå barnehage til skule, og frå barneskule til ungdomsskule.

I tillegg er det mange andre situasjonar som gjer barn redde. Me ønsker drøfte aktuelle problemstillingar og komme med konkrete eksempel om korleis me som vaksne kan hjelpe barna når dei engstelege. Send gjerne inn case/ problemstillingar på e-post, eller du kan ta det muntleg på temakvelden. Me tenker å jobbe saman i små grupper, og øve på å bruke ulike mestringsstrategiar: Trappetrinnsplan, hjelpehanda++. Her blir det også åpent for individuell rettleiing til dei som ønsker det :)

Me vil anbefale alle å sjå digitalkurset: «korleis hjelpe engsteleg barn» i forkant. (Då kan me bruke meir tid på dialog og mindre tid på teori denne kvelden)
Lenke til dette kurset blir sendt ved påmelding:)

Kursleiarar: Underteikna og Brynhild Herheim prosjektleiar «Hallo! Adjø!»
Me har satt opp 2,5 timer inkludert pause.

Påmelding til underteikna innan 23.mai: nancy.helgesen@sveio.kommune.no
(Me ser an påmeldingane om det blir i klasserom eller i auditoriet på Vigdartun)

Mvh Nancy og Brynhild



Nancy Bøhn Helgesen

Avdelingsleiar, psykisk helse
Telefon: 53 74 82 22 / 900 93 551
E-post: nancy.helgesen@sveio.kommune.no



Sveio kommune